

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 12/2020

Møtedato: 28.4.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Søknad om tilskot til vegetasjonskartlegging

Vestre Slidre kommune søker fjellstyret om tilskot til vegetasjonskartlegging. Landbruksrådgjevaren skriv følgjande: Søknad om støtte til vegetasjons kartlegging i «Utvalgte kulturlandskap i jordbruket. Stølsvidda».

Vestre Slidre kommune har blitt tildelt muligheita for å få laga eit vegetasjonskart over beite og støls områda våre.


Vegetasjons kartlegging har aldri blitt gjort i Vestre Slidre før.

Vegetasjonskart er den kart typen som gir mest allsidig informasjon om naturgrunnlaget i utmarka.

Det er det nærmaste ein kan koma eit økologisk kartverk. Kartet gir informasjon om arts fordeling, økologisk tilhøve og eigenskapar for ulike ressursbruk i utmark.

Vegetasjons kart kan brukas til planlegging av forvaltning, næringsutvikling innan utmarksbasert næring, samt forskning og undervisning. Dokumentasjon av utmarksbeite for husdyr som grunnlag for planlegging av beitebruk og skjøtselttak, har vært eit viktig bruksområdet. Vegetasjonar er og historisk dokument som kan brukast til endrings analyse. Kan laga ulike kart tema, avelda karttema som for eksempel beitekvalitet for sau eller storfe.

Vegetasjonskartet beskriver også biologisk mangfald på samfunn landskapsnivå, og mange naturtyper kan aveldes direkte frå vegetasjonstypene.



Bidragsgjevar sitt bidrag for vegetasjonskartlegging (for prosjekt over kr 100 000 i medfinansiering) er i 2020: kr 3500 per km² i produksjonsskog, 3000 kr i fjellskogssona og 2500 kr i snaufjellet. Dette utgjør omlag 40 % av samla kostnader for kartlegginga. Øvrige kostnader (om lag 60 % av dei totale prosjektkostnadane) har NIBIO høve til å dekke på eige budsjett innafor gitte rammer i kartleggingsprosjekt for landbruksformål.

NIBIO sin del av finansieringa set som vilkår at det for dei åra avtalen gjeld, blir løyvt middel over statsbudsjettet som kan nyttast til formålet. Prosjektet sitt formål må også ligge innanfor rammene for disponering av budsjettet som følgjer av tildelingsbrevet frå Landbruks- og matdepartementet til NIBIO.

| Kostnader | km ² | kr/km ² | Sum kr |
|-----------|-----------------|--------------------|---------|
| Fjellskog | 93 | 3.000 | 279.000 |
| Snaufjell | 79 | 2.500 | 197.500 |
| Sum | 176 | | 476.500 |

| Finansiering | kr |
|-------------------------------------|---------|
| Tilskot frå Stølsviddeprosjektet | 150.000 |
| Smil-midlar | 100.000 |
| Tilskot frå Vestre Slidre kommune | 113.250 |
| Tilskot frå Vestre Slidre fjellstyr | 113.250 |
| Sum | 476.500 |

For denne summen vil NIBIO lage digitalt vegetasjonskart over utvald kulturlandskap Stølsvidda etter kartleggingsinstruks for vegetasjonskartlegging i M 1:20 000-50 000 (VK25) (Rekdal og Larsson 2005). Kartet vil bli framstilt tilpassa kartgrunnlag frå N50. Nye registreringar blir tilpassa tidlegare registreringar og samla i eitt kart. I tilbodet ligg også produksjon av temakart for beite for sau og storfe. Rapporten vil gje nærare omtale av vegetasjon og beiteforhold i kartområdet. Det vil bli gjeve ei vurdering av beitekapasitet for området, og ei vurdering av dagens beitebruk og landskapsskjøtsel. Både kart og rapport blir lagt fritt tilgjengeleg på instituttet sine internettsider.

Kartlegginga vil bli gjennomført i 2021 og ferdigstilt våren 2022. Økonomisk oppgjer skjer på grunnlag av faktura sendt frå NIBIO. 3/4 av summen må betalast innan 1. desember etter feltkartlegging. Resten betalast ved ferdig prosjekt.

Det skal no gjerast avtale med NIBIO om gjennomføring av prosjektet og stadfesting på finansiering må vera på plass.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vedtek å gi tilskot på kr 113.250 til vegetasjonskartlegging i Vestre Slidre statsallmenning, 75% av tilskotet blir betalt ut i 2021 og 25% i 2022.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å gi tilskot på kr 113.250 til vegetasjonskartlegging i Vestre Slidre statsallmenning, 75% av tilskotet blir betalt ut i 2021 og 25% i 2022.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.5.20

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune